



**Eit typisk trekk ved uskedelingane er at dei tek grep sjølve. Det uttaler rektor Marie Elisabeth Kaldestad og saman med henne sit ein arkitektstudent som til fulle kan skriva under på det.**

**For uskedelingen Wermund Wangensten Vetrhus (28) er igang med å ta eit svært interesssant og spennande grep: Han har begynt arbeidet med ein sentrumsplan for bygda.**

Han har teke initiativet sjølv og prosjektet er ikkje eit kommunalt oppdrag og eit resultat av at det er avsett pengar til ein slik plan på langtidsbudsjettet. Prosjektet er med andre ord akademisk basert.

Men Wermund vil naturleg nok vera glad for det hvis kommunen vil og kan bruka det han legg fram. Det blir kanskje eit litt utradisjonelt dokument, skal ein byggja på samtalen mellom rektor og student. Det er ikkje sikkert at han kjem til å presentera eit kart eller ein reguleringsplan.

Til dømes vil Wermund gå heilt ned i 1. klasse i intervjurunden sin og så plusse på med klasse 2, 5,7 og ungdomsskulen.

- Eg har lyst til å engasjere ungane, det er viktig for dei har så lett for å forsvinna i ein slik samanheng, seier Wermund. Han får verbal klapp frå rektor for eit slikt initiativ, som skal kartleggja leike- og møteplassar. Elevane skal svara på kor dei leikar og kva dei kallar leikeplassane..

Sentrumsplanen skal bli masteroppgåva for Wermund, som så langt har studert arkitektur i 4 år i Gøteborg og Trondheim. I tida framover kjem han til å intervjuva eit utval av uskedelingane og stikkord her er Uskedalen Utvikling, andre lag og foreningar og dei største verksemdene.

Rektor Marie Elisabeth strekar under for Wermund kva som er karakteristisk og som bør få stor plass i planarbeidet.

Dette er ei bygd i vekst, med ein auke i elevtalet med nesten 20 på berre eitt år og prega av at vi er sjølvgåande.

Det er planleggjaren einig i, men han strekar under at også Uskedalen har trong for ein heilskapeleg plan for den vidare utvikling.

-Det eg tek fatt på no er både spennande og litt skummelt, seier han.

Wermund har sjølv vore elev ved skulen og finn raskt ut at det ikkje har skjedd mykje sidan han tok farvel - reint bygningsmessig.

-Det einaste nye er visst linoleumen på golva, seier han.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Rektor og arkitektstudent har møte i dag